

Opplysningar om garden og drifta

Hans Ulldotten er sauebonde på fulltid og kjem frå Trøndelag. Her bur han på garden sin med sambuar, to ungar på 9 og 6 år, mor og far som er kårfolk på garden. Garden ligg ca 165 m.o.h. og Hans disponerer i alt 369 dekar jord. 226 dekar er fulldyrka og 143 dekar er innmarksbeite. Ein del av dette er leigd areal, og jordet som ligg lengst unna, ligg 5 km frå garden. Alt arealet utanom 120 mål, blir brukt til vårbeiting.

Fjøset er opphavelg eit ku- og grisefjøs som er ombygd til sau. Fjøset er difor isolert, med langsgåande fôrbrett og bingar i ulik storleik med 9-20 søyer pr bingje. Ein del av fjøset er nyleg ombygd frå gris til sau og her er det plastrister til golv. Elles har bingane strekkmetallgolv. 1.slåtten blir lagt i tårnsilo, medan 2. slåttan blir lagt i rundball. Både surfôret frå tårnsiloane og rundballane blir lagt i ein rundballerivar som står på låven når det skal fôrast. Surfôret kjem ned i ein fôrsentral i fjøset og blir fordelt ut på fôrbretta med hjulgrabb. Hans har eit areal på 130 m² med tett betonggolv som blir bygd om til lammingsareal i lamminga, elles blir det brukt til sorteringsanlegg osv. Han har også 80 m² ekstra areal med strekkmetall til lamminga.

Tilbygget som han bruker til ekstra areal i lamminga, og ombygging frå gris til sau og bygging av ny tårnsilo vart kostnadsberekna til kr 2,1 millionar kroner. Hans er utdanna tømrrar og gjorde mykje av arbeidet sjølv. Reell kostnad vart difor ca 0,7 millionar kroner.

I ein normal vekstsesong, så blir enga hausta heilt ved byrjande skyting. 2.slåtten blir hausta rundt 10. august for at ein skal ha haustbeitet klart til sauen blir sankt frå utmarksbeite.

Sankinga byrjar i starten av september, og da er han på sauesank fem dagar i veka. Etter sanking blir søyer og lam skilte frå kvarandre. Søyene blir da sett på eit inngjerda "magert" skogsbeite nokre dagar før dei blir dei tekne heim, klipt og sleppt på eit kulturbeite. Dette kulturbeitet er beita av storfe til starten av august. Alle lam som er aktuelle som påsettlam, blir sleppte på gjenvekst etter 2. slåttan saman med gimrene (1 ½-åringane). Slaktelamma blir sett inn i fjøset og venge på ei elektronisk vekt for å vurdere om dei er klar for slakting. I tillegg kjenner han på ryggen for å vurdere feittmengda på lamma. Lamma som har passeleg vekt og feittmengd, blir levert til slakt. Resten blir sett på sluttfôring på rundballesurfôr og appetittfôring med kraftfôr. Han leverer slaktelam i samarbeid med andre Nortura-bønder i ein lammering og plukkslaktar lam kvar veke i slaktesesongen.

Livlam plukkar han ut etter indeks og eksteriør.

Livlamma blir sett inn på vinterfôring ca 20. september, medan søyene vanlegvis blir sett inn ca 20. oktober. Dei to eldste årgangane med søyer, gimrer og påsettlam blir grupperte i eigne bingar. Påsettlam får ca 0,4-0,5 kg kraftfôr pr dag, gimrene 0,2-0,3 kg kraftfôr og søyene 0,15-0,2 kg pr dag. I tillegg er det full appetittfôring med grovfôr gjennom heile vinteren og alle søyer har tilgang på saltslikkestein. 1. slåttan i tårnsiloen blir brukt i siste del av innefôringsperioden, rundt lamming.

Hans er med i vêrering, og får difor avlsvêrane han bruker frå ringen. I tillegg bruker han ein del semin på søyene med høgast indeks. Elitevêrane blir brukt på dei eldste søyene, som han meiner er dei mest aktuelle påsettlam-mødrene. Han går med vêr tre gonger for dagen i paringa for å sjekke brunst. Når han inseminerer, blir det gjort 16 timar etter ståbrunst og ved naturleg paring ca 8 timar etter ståbrunst.

Ca 10.februar får han fosterteljar på besøk. Da blir alle søyene gruppert etter tal foster i tillegg til alder. Når han ser at grovfôropptaket byrjar å gå ned, ofte ca ein månads tid før lamming, så aukar han opp kraftfôrmengda. Han ynskjer at dei fleste søyene skal ha eit godt feitt-lag på kroppen når det nærmar seg lamming. Søyene blir difor veldig tunge og han klyppar dei difor i god tid før lamming i månadsskiftet februar/mars.

Påsettlamma blir vaksinert om hausten og alle søyer blir vaksinert ca fire veker før middel lammedato.

I lamminga trår heile familien til. Faren til Hans tek seg av nattevakta, mora til Hans er den som sørger for at alle lam blir merka. Sambuaren og ungane er også med. Han har difor ordna seg eit vaktrom med fjernsyn. Ved sidan av vaktrommet ligg bingen der han har overskotslam. Overskotslam er lam tekne frå mora fordi dei ikkje får nok mjølk til å få ein tilfredsstillande tilvekst. Målet er å fôre så godt at mange av søyene som får tre lam, og

mange av åringane som får to lam, kan behalde lamma sine. Men er det nokon som ikkje veks godt nok, blir dei plukka frå mora og sett i overskotslam-bingen.

Ved normalt tidleg vår, blir søyene sleppte på vårbeite etter ca ei til to veker med innefôring etter lamming. Han veg lamma ved beiteslepp, slik at han har oversikt på korleis han har lykkast med innefôringssesongen. Starten av juni er det normalt slepp på utmarksbeite. Utmarksbeitet er for det meste skogsbeite. Han har ein tilhengar som tek ca 20 søyer med lam, så han slepper i puljar på 20 søyer. Han veg også lamma ved utmarksbeiteslepp, og ser han at noko av lamma har hatt dårleg tilvekst, blir dei plukka frå som overskotslam. Både søyer og lam blir behandla mot innvortes parasittar ved utmarksbeiteslepp.

Overskotslamma får tilgang på høy eller tidleg hausta surfôr og appetittfôring med kraftfôr gjennom sommaren og blir slakta tidleg i den ordinære slaktesesongen.

Gjennom heile sommaren går han tilsyn på utmarksbeite minst ein gong i veka. Det er ørn og gaupe i utmarksbeitet.

Oppgåve 1:

Hans Ulldotten er ein bevisst sauebonde, med eit gjennomtenkt opplegg for sauedrifta si. Fokuset hans er å få ein så god økonomi at han kan leve av å vera sauebonde. Til tross for overproduksjon og relativt låge prisar på slakt, synes han likevel at han greier å oppnå ein grei økonomi av drifta si.

- Gå igjennom utskriftene frå Sauekontrollen. Finn dei resultatane som du meiner er viktigast for at han greier å få eit godt økonomisk resultat.
- Gå igjennom det du har fått veta om drifta og garden til Hans, og resultatane frå Sauekontrollen. Beskriv dei viktigaste årsakene til at han oppnår gode resultat.
- Er det andre årsaker enn god drift som gjer at han har ei grei inntekt frå sauedrifta si?
- Hans Ulldotten er ein flink sauebonde. Er det likevel nokon av resultatane i Sauekontrollen som han bør forbetre? Dersom svaret på dette er ja, kva endringstiltak foreslår du for at han få enda betre økonomi?
- Sjå på teikninga av fjøset til Hans Ulldotten. Mange arbeidsoperasjonar i sauehaldet krev effektiv logistikk. Lag eit forslag til korleis Hans kan organisere sortering av lam ved plukkslakting, fosterteljing, tilsyn av klauver, parasittbehandling osv.

Oppgåve 2:

Hans Ulldotten leverer slaktedyra sine til Nortura. Han grunnjev dette med at:

- Nortura er garantisten for eit landbruk over heile landet
- Nortura betaler det dei kan, medan andre mottakarar av slakt betaler det dei må
- Nortura kjøper slaktedyra hans, uansett overskot eller underskot av slakt
- Nortura gjer det meir interessant å vera sauebonde med å bidra til eit godt produsentmiljø og fagleg utvikling

Kva er spesielt med Nortura som gjer at han seier dette?